



Kyrkjekoret Nordsang opptre for aller første gang på julekonserten søndag.

Som vanleg vert det ein del faste og trufaste aktørar på julekonserten i Uskedal kyrkje søndag 11. desember kl. 19. Som dei siste åra er det også nokre nye innslag. Songaren Leif Inge Heimvik kjem frå Utåker, fiolinisten Olena Pasichnyk kjem saman med unge strykarar frå Uskedalen og det nystarta kyrkjekoret Nordsang skal ha sin aller første opptreden.

Kyrkjekoret Nordsang starta opp sist haust etter initiativ frå kantor Eva Megyesi som er dirigent for koret. Dei tel no rundt 20 medlemmer frå heile Kvinnherad. Dei øver kvar mandagskveld i Uskedal kyrkje, og no kan vi sjå fram til å høyra dei opptre for første gang.

Olena Pasichnyk er dyktig lærar i kulturskulen. Under konserten vil ho spela 'Winter Wonderland' saman med fiolineleven sin, Saima Kristine L. Døssland. Eva Megyesi vil akkompagnera på piano når 6 yngre strykarar frå Uskedalen vil framføra to nummer og Olena Pasichnyk sjølv deretter framfører to stykker.

Leif Inge Heimvik, som også er kjent som frontfigur i musikkgruppa Amigos, kjem med den klokkeklare songstemma si. Han vil først framføra Bjørn Eidsvåg sin vakre julesong 'I en natt' før han les juleevangeliet og deretter avsluttar med 'En stjerne skinner i natt'.

I tillegg kjem dei faste aktørane Uskedal skulemusikk, Kvinnherad trekkspelklubb, Røystereit for alle, Uskedal musikklag og Eva Megyesi som avsluttar konserten med eit vakkert orgelverk. Arrangørane i soknerådet legg opp til stram regi der det vert fellessong mellom nokre av innslaga.

Som dei siste åra, vert det ikkje kravd inngangspengar, men publikum vert oppfordra til å gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland